

Summary in English below

**Forfedrane til Johannes Eliasson (f. ca. 1655) av Schonevig-slekta,**

ei presteslekt i Skånevik, og til syskena hans: Erik (f.1645), Karen (f.ca.1647), Elisabet (f.ca.1649), Anders (f.1650), Anna (f.ca.1652), Elias (f.1654), Margrete (f.ca.1658) og Maren (f.ca.1660). (Dessutan var der ei halvsyster frå farens fyrste ekteskap, Bodel (f.ca.1643).) Alle desse var fødte i Skånevik.

**Foreldra:**

Elias Andersson Schonevig, f. ca 1615 i Skånevik, d. april 1690 i Skånevik, g. 2. m. Elisabet Lauritsdtr. Galtung, f. ca.1620 i Jondal, d. januar 1693 i Skånevik. Det var Elias og syskena hans som tok til å bruka Schonevig som familienamn. Elias var prest i Skånevik etter far sin.

**Farforeldra:**

Anders Jonsson, f.1559 nær Viborg på Jylland i Danmark, d.2.desember 1639 i Skånevik, g. 2. m.Margrete Mikkjelsdtr., f. 1583 i Bergen, d.15.desember 1656 i Skånevik. Ein tale ved gravferda hennar finst enno som skriftleg dokument! Dei fekk 16 born, ni søner og sju døtrer. Namn på fem av borna er kjende. Anders var prest i Skånevik frå 1591/92 til 1639. Far hans var kanhenda ein protestantisk prest gift med dotter til ein katolsk prest. Foreldra til Margrete var Mikkjel Adriansson, d.ca 1588 i Bergen, og ei Gotskalksdotter, som me ikkje kjenner førenamnet på. Den eldste sonen til Anders og Margrete var Jonas Andersson Schonevig, f. ca. 1602 i Skånevik, d. mai 1644 i Hasle-Braaby i Danmark, der han var prest. Han er velkjent for eit handskrive verk frå 1626, seinare prenta i boka: "AM 370 FOL Jonas Andersson frå Skånevik om fornminne i Bergen bispedøme 1626", faksimileutgåve ved Asgaut Steinnes, Oslo 1972.

**Morforeldra:**

Laurits Johannesson Galte (Galtung) (1587- 24.april 1659) og Elisabet Ottesdtr. Orning, d.1676. Sjå eige notat om slekta deira [NB: ikkje fullført enno].

**Summary in English:**

Ancestors (and brothers and sisters) of Johannes Eliasson of the Schonevig family

**Brothers:** Erik, Anders, Elias.

**Sisters:** Karen, Elisabet, Anna, Margrete, Maren. Half sister from the father's 1st marriage: Bodel.

**Parents:** Elias Andesson Schonevig (abt.1615-1690) m.2 to Elisabet Lauritsd'tr (abt.1620-1693). Elias followed his father as pastor in the parishship of Skånevik.

**The father's parents:** Anders Jonsson (1559-1639) m.2 to Margrete Michelsd'tr (1583-1656). He came from Denmark (near Viborg) and she from Bergen

**The father's mother's parents:** Michel Adrianson and ??(first name not known) Gotskalksd'tr. Both parents died about 1588 in Bergen.

**The mother's parents:** Laurits Johannesson Galte (Galtung) (1587-1659) m.to Elisabet Ottesdtr. Orning, d.1676. See separate note on their family [not yet completed].

#### **Note on the spelling of names:**

In modern times all personal names and also most place names are defined in writing. Long time ago, names were never written on paper, but even so, persons and places had names! Evidently, names were then defined by pronunciation. When came the transition to the modern way of defining names? The definition of personal names by their written forms has been in general use in Norway for about eighty years, but probably longer in other countries, such as USA. One hundred years ago, the spelling of many Norwegian names were still changed without much formalities. (In his Bible which was printed in 1887, my grandfather wrote his name as Johannes Falnæs, but I know that the family name was usually spelt Falnes in 1906.) In old documents we may find varying spellings of a person's name, which would be reasonable if the spoken name was considered to be the primary version. Reference [S1] notes about e.g. Elias Andersson Schonevig: "Also called Elias Anderssen, Elias Andersson, Hr. Elias and Elias Schonvigius Norwagus." Obviously, we may, to a certain extent, feel free in our choice of spelling of names of persons living centuries ago. Above I have chosen the spelling used in reference [S2], with one exception (to confuse my readers!): I have deliberately chosen, in the English summary, to follow ref. [S1] and spelt Michel instead of Mikkjel.

#### **Litteraturkilder/Printed sources:**

[S1]: "The History of the Family Heltberg. Researched and compiled by Arnlioth G. Heltberg, San Fransisco. Part II, The Norwegian Family, Volume One" (San Fransisco, 1974, revised 1985).

[S2]: "Skåneviksoga: tredje bandet: gardar og ætter: Sævareid-Skånevik" av Anders Haugland (1988).

[S3]: "Minister Finn Korens anebok" av Gudrun Johnsen Høybo (Halden, 1958),

[S4]: "AM 370 FOL Jonas Andersson frå Skånevik om fornminne i Bergen bispedøme 1626", faksimileutgåve ved Asgaut Steinnes, Oslo 1972.

Trondheim i april 2001.

Johannes Falnes